

From: Sælthun, Sander <sander.saelthun@lom.kommune.no>
Sent: 1. februar 2018 21:40
To: Høivik Laila Perine
Subject: Høyringsuttale frå Lom kommune til søknad om ny reguleringskonsesjon for Fortun-Grandfastareguleringa
Attachments: KS 7-2018.pdf

Høyringsuttale frå Lom kommune til søknad om ny reguleringskonsesjon for Fortun-Grandfastareguleringa

Lom kommunestyre gjorde i kveld følgjande samrøystes vedtak i sak 7/2018:

Lom kommune godtek at reguleringskonsesjonen for Fortun – Grandfastavassdraget blir fornya under føresetnad av at følgjande blir imøtekome og ivaretatt:

Ei slik fornying vil medføre at negative konsekvensar som følgje av naturinngrepa i samband med reguleringa blir vidareført. Storevatnet i Lom kommune er det klart største magasinet i reguleringa. Store reguleringshøgder i både Storevatnet og Prestesteinsvatnet medfører vesentlege ulemper med erosjon og redusert estetisk kvalitet. Dei påverka areala i Lom er viktige område for fritidsfiske og friluftsliv, og innfallsportar til nasjonalparkane Jotunheimen og Breheimen. Lom kommune viser til departementet sin praksis i andre fornyingssaker, og set fram krav om at kommunen tilkjennast eit næringsfond på minimum 27 mill. kroner. Som element i denne vurderinga vil Lom kommune vise til at ringverknader og verdiskaping som følgje av konsesjonen i vesentleg grad har kome andre kommunar til gode.

Lom kommune støtter Oppland Fylkeskommune sitt krav om at det må setjast vilkår om arkeologiske registreringar i samband med fornyingssaka. Kommunen vil spesielt peike på ferdseisvegen «Dølevegen» langs Storevatnet, der det er stort potensiale for å finne kulturminne.

Ved fornying av reguleringskonsesjonen for Fortun - Grandfastavassdraget må dagens standard-vilkår for konsesjonssaker innførast, og eksisterande vilkår må moderniserast i tråd med dette. Dette gjeld også økonomiske vilkår for kommunane som er omfatta av reguleringa, slik det er høve til ved nye utbyggingssaker. Grunnlaget for utrekning av konsesjonskraft og konsesjons-avgift må oppdaterast slik at auka nedbør og tilsig blir fanga opp.

I evt. ny konsesjon må det påleggjast årleg tilskot til fiskefremjande tiltak.

Prinsipielt meiner kommunen også at dei nye omsøkte prosjekta Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk skal behandlast saman med fornyinga, slik at ein kan vurdere verknaden av desse prosjekta og reguleringa samla.

Utskrift av fullstendig saksprotokoll med saksutgreiing og vurdering er lagt ved her.

Ber om at mottak av denne e-posten blir stadfesta av NVE.

Med helsing

Sander Sælthun

plan- og miljøvernrådsgjevar | Miljø, Teknisk, Næring | Lom kommune

e-post: sander.saelthun@lom.kommune.no

Tlf: 47 46 32 18 | www.lom.kommune.no



Lom



Miljøfyrtårn®



Lom
nasjonalpark-
landsby